


Årsrapport 2022



**Kompetansesenter i lindrande behandling
Helseregion Vest**



KOMPETANSESENTER I LINDRANDE BEHANDLING HELSEREGION VEST



Våre oppgåver:
Undervisning
Forsking
Fagutvikling
Nettverksbygging

Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) er eit ressurscenter for alle som arbeider med lindrande behandling og omsorg ved livets slutt i regionen vår.

Målsettinga for senteret er å fremme palliasjon i heile Helseregion Vest ved å styrke kompetanse bygd på eit heilskapleg menneskesyn og gode fagkunnskapar.

Undervisning, rådgiving og formidling

KLB driv undervisning og formidling gjennom Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling, på universitet og høgskular og ved bidrag på internundervisning, kurs og konferansar. I 2022 hadde senteret 445 undervisningstimar. Tilsette i KLB svarer kontinuerleg på førespurnader om alle aspekt ved lindrande behandling, med 915 registrerte førespurnader i 2022. Tilsette i KLB deltok aktivt i oppfølginga av Stortingsmelding 24 (2019-2020) om lindrande behandling, og har vore med i Helsedirektoratet si arbeidsgruppe for å utarbeide eit program for spesialiteten palliativ medisin.

Livets siste dagar – plan for lindring i livets sluttfase

KLB har ein nettverkskoordinator for «Livets siste dagar — plan for lindring i livets sluttfase». Denne planen vert nytta i 473 verksemder over heile landet. Nettverkskoordinator kan gi opplæring og støtte til dei som brukar planen.

Nettsider og skriftleg materiell

Nettsidene til KLB er godt besøkte, med i alt 84 500 sidevisingar i 2022. Det er stor etterspurnad etter mapper til etterlatne. Mappene er gratis for brukarar i Helseregion Vest, både sjukehus og kommunar.

Verdsdagen i lindrande behandling

Saman med Kreftforeningen og andre palliative aktørar markerte vi Verdsdagen i lindrande behandling med folkemøte eller informasjonsaktivitetar i alle føretaksområda i Helseregion Vest.

Nettverk og samarbeid

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling hadde i desember 2022 461 ressurssjukepleiarar (medrekna nokre vernepleiarar) og 120 fysioterapeutar og ergoterapeutar, fordelt på 24 lokale nettverksgrupper.

Målet med nettverket er kompetanseheving og samhandling slik at pasientar og pårørande opplever tryggleik og får tenester av god kvalitet. Nettverket er eit samarbeid mellom helseføretak, kommunar, høgskular, Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland.

KLB har god kontakt og fleire felles tilsette med dei palliative sentra på sjukehus i regionen vår. Saman med Statsforvaltaren i Vestland vurderer vi søknader til prosjekt innan lindrande behandling i kommunar, og vi følger fleire av prosjekta. Vi har også kontakt med dei nye barnekommunale teama i regionen.

Palliativ sengepost vart i mars 2022 flytta frå Haraldsplass Diakonale Sykehus til Haukeland universitetssjukehus, og KLB og det kliniske tilbodet blei samla i eit fullverdig regionalt palliativt senter i Helse Bergen.





Forsking og fagutvikling

Kompetansesenteret bidrar til utvikling av planar og retningslinjer. I 2022 deltok tilsette frå KLB i fleire nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper. Tre medarbeidarar har vore med i revisjonen av det nasjonale handlingsprogrammet for palliasjon. Medikamentskrinet for døyande vert gjennomgått kvart år.

KLB deltar i regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. I 2022 var hovudsatsinga Horizon 2020-prosjektet iLIVE: «Live well - die well. A research program to support living until the end», der Noreg nå har rekruttert nær 200 deltakarar. iLIVE er eit samarbeid mellom 13 land. Som ledd i prosjektet er eit tilbod med frivillige til alvorleg sjuke og døyande etablert på Haukeland universitetssjukehus.

I juni 2022 disputerte overlege Nina Hjorth på eit prosjekt om førehandssamtalar. Ho har vore med i ei arbeidsgruppe i Helsedirektoratet som har vurdert nasjonale, faglege råd for slike samtalar.

Tema for forsking og prosjekt i 2022

- Ivaretaking av døyande og deira pårørande
- Omsorg for døyande under covid-19-pandemien
- Smertebehandling
- Førehandssamtalar (Advance Care Planning)
- Legestudentars utbytte av undervisning i palliativ medisin
- Bruk av frivillige i palliasjon
- Ergoterapi i palliasjon
- Musikkterapi i palliasjon

Publikasjonslista for 2022 er med i den utvida årsrapporten som er publisert på KLB sine nettsider



Våre kjerneverdiar:

**Kompetanse
Samarbeid
Respekt
Engasjement**



Ufordinar i palliativ behandling:
Erfaringar frå helsepersonell i 10 land – iLIVE-prosjektet

Bakgrunn: Det er klart at merknadene mot praktisk og palliativ behandling ikke er tilstrekkelig gode i mange land. Dette er spesielt viktig når det gjelder døende og døende personer. Etter en evaluering av 10 land i Europa og Nord-Amerika, inkludert Norge, ble det oppdaget at det var stor forskjell i hvordan medisiner ble tilpassa til døende og døende personer, både i legepraksis og i helseforetak.

Motiv: Tverrfaglig studie med tverrdisiplinære data fra 10 land i Europa og Nord-Amerika. Studien inkluderte også en evaluering av 10 land i Europa og Nord-Amerika, inkludert Norge, om hvordan medisiner ble tilpassa til døende og døende personer, både i legepraksis og i helseforetak.

Resultat: Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land. Det er også viktig å se på hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land.

Sammanfatning: Kvartalsskriftet omfatter 10 artikler fra forskjellige land som beskriver hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land. Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land.

Teori: Kvartalsskriftet omfatter 10 artikler fra forskjellige land som beskriver hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land. Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land.

Industriell eval: Kvartalsskriftet omfatter 10 artikler fra forskjellige land som beskriver hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land. Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land.

Konklusjon: Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land. Det viser seg at det finnes store forskjeller i hvordan medisiner blir tilpassa til døende og døende personer i ulike land.



Registerfunksjonar

PallReg.no: Nasjonalt, nettbasert register over palliative verksemder i Noreg. Registeret vert drifta av dei regionale kompetansesentra/-tenestene i fellesskap

Pallnet.no: Oversikt over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i kommunar og på sjukehus i Helseregion Vest

Stab

Kompetansesenteret hadde i 2022 8 årsverk, fordelt på ein tverrfagleg stab av 20 tilsette. Utanom den sentrale eininga på Haukeland universitetssjukehus er medarbeidarane deltidstilsette med hovudstilling i kommune eller på sjukehus i Helseregion Vest.



Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

Besøksadresse: Glasblokkene, Haukelandsbakken 15, Blokk 1, 4. et., Haukeland sjukehusområde

Postadresse: Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus,
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, postboks 1400,
5021 Bergen

Telefon: 55 97 58 24 **E-post:** lindrende.behandling@helse-bergen.no



www.helse-bergen.no/palliasjon

www.pallreg.no

www.pallnet.no



Liste over tilsette ligg på nettsidene

